

19.08.2017

Av: Tone Westerheim

Publisert: 11.08.2017 00:00

Oppdatert: 27.07.2017 08:51

Fagarbeidar ID 1306

Eining for Habilitering har ledige stillingar som fagarbeidar.

Søknadsfrist: 25.08.17

Sæbøhaugen avd. A er samlokaliserte bustader som gjev eit døgnbemanna tilbod til personar med utviklingshemming. Sæbøhaugen avd. A er organisert som eit burettslag. Bebuarane eig eller leiger bustadane. Me er organisert i Eining for Habilitering som har hovudkontor i SKE-bygget på Leirvik, men avdelinga ligg i Sæbøløkjen ca. 10 minutt frå Leirvik sentrum.

Me er ei mangfaldig personalgruppe som trivest godt saman. Me ynskjer medarbeidarar som er kreative, kan jobba sjølvstendig, har arbeids glede og likar utfordringar. Den som vert tilsett må ha god norsk framstillingsevne, både munnleg og skriftleg. Personlege eigenskapar vil verta vektlagt ved tilsetjing.

Fagarbeidar (ID 1306)

Det er ledige stillingar som fagarbeidar.

57,15 % fast stilling. Turnus kveld og natt, og 3.kvar helg

60,34 % fast stilling. Turnus kveld og 3.kvar helg

Arbeids- og ansvarsområde:

- Miljøarbeid. Dette inneberer blant anna å følgja opp eininga og avdelinga sine målsetjingar
- Yta tenester av god kvalitet innanfor tildelte ressursrammer og i samsvar med tenestemottakar sine vedtak
- Utføra helse- og omsorgsoppgåver etter fagleg standard innanfor sitt kompetanseområde
- Kjenna til og bruka eininga og avdelinga sine prosedyrar og rutinar
- Søgja for presis og utfyllande dokumentasjon
- Halda seg kjent med og bruka aktuelle dataprogram som kommunen har i drift

Kvalifikasjonskrav:

Autorisert helsefagarbeidar eller tilsvarande, fagbrev innan barne- og ungdomsarbeidarfaget.

Kontaktperson:

Assisterande avdelingsleiar Tove Mathisen tlf. 932 02 883 eller einingsleiar Nina Steinsbø Walquist tlf. 53 49 68 82/975 52 048

Søknadsfrist: 25.08.17

Søk på stillinga